

## Emneevaluering

### SOS103: Samfunnsstrukturar i endring Haust 2006

**Emneansvarleg:** Johs. Hjellbrekke

Forelesarar: Olav Korsnes, Johs. Hjellbrekke og Vegard Jarness

Seminarleiarar: Rebecca Ånensen Dyer og Daniela Munoz.

#### 1.1 Praktisk gjennomføring og evaluering

Undervisninga på SOS103 hausten 2015 vart gjennomført som eit forelesningskurs med 12 forelesningar og like mange seminar.

Eksamen tok form av ein heimeeksamen, der studentane fekk velgje mellom to oppgåver.

Evalueringa av kurset vart dels gjort i form av ei spørjeundersøking til registrerte studentar og i form av møter med seminarleiarar.

#### 1.2 Strykprosent og fråfall

Totalt var 128 kandidatar oppmelde til eksamen. Av desse møtte 98 studentar. Dette er ca. det dobbelte av antalet studentar som jamnt har vore på forelesningane.

Ingen av dei som møtte, dvs. leverte inn heimeeksamen, fekk karakteren F.

Alt i alt må fråfallet til eksamen seiast å vere på eit akseptabelt nivå. At ingen studentar strauk på eksamen, er også positivt.

#### 1.3 Karakterfordeling

Gjennomsnittskarakter er C. Noko fleire studentar fekk karakteren B enn karakteren D. :

Tabell 1. Karakterfordeling

Karakter	Antall
A	2
B	25
C	45
D	17
E	9

Den tydelege konsentrasjonen rundt karakteren C er ein indikasjon på at kandidatane jamnt over har levert akseptable prestasjonar. Likevel er det litt urovekkjande at ikkje fleire kandidatar oppnådde karakteren A.

Det er mogleg at eksamensforma kanskje ikkje har fungert fullgodt med omsyn til å skilje mellom kandidatane. Sjølv om karakterane følgjer ei normalfordelingskurve, er det ikkje heldig at kun 2 studentar oppnår karakteren A.

Inntrykket frå gjennomlesing av drøyt 30 innleverte oppgåver tyder også på at studentane i for stor grad resymmerer kurslitteraturen, og at færre utmerkjer seg med å vise høg grad av sjølvstende .

Eksamensopplegget bør derfor revurderast neste gong kurset vert avvikla, og emneansvarleg tilrår at ein prøvar ein kombinasjon av skule- og heimeeksamen. Dette vil truleg endre studievevanane til fleire av studentane.

#### 1.4. Studentevalueringa.

Etter gjentekne purringar hadde 28 studentar svart på spørjeskjemaet.

Studentane vart bedne om å vurdere ei rekkje dimensjonar på ein skala frå 1-5, med 5 som beste karakter (Frå Sterkt misfornøgd til Sterkt fornøgd/Stort utbyte til Lite utbyte)

Nedanfor følgjer nokre relevante resultat i form av gjennomsnittsverdiar for utvalde variablar:

Variabel	Gjennomsnitt
Tilfreds med kurset	3,71
Tilfreds med forelesningane	3,71
Vurdering Forelesar 1	3,05
Vurdering Forelesar 2	4,0
Vurdering Forelesar 3	4,2
Seminargruppene	3,2
Seminarleiarar	3,88
Pensum	3,11
Praktisk informasjon	3,82
Læringsutbyte, forelesning	3,46
Læringsutbyte, seminar	3,47
Læringsutbyte, pensum	4,04
Læringsutbyte. Obligatorisk oppgåve	4,14

Gjennomgåande tyder resultatata på at SOS103 har fungert godt hausten 2015. At vurderingane av forelesarar og seminarleiarar spriker, er som venta.

Ein kan elles merke seg den høge gjennomsnittsverdien for læringsutbytet av å lese pensum og av å arbeide med den obligatoriske oppgåva.

## **1.5 Ressurstilgang**

Ressurstilgangen til kurset har vore akseptabel.

## **1.6 Studieinformasjon**

Studieinformasjon vart gjeve på informasjonsmøte, gjennom studentportalen og undervegs i kurset. Dette fungerte tilfredsstillande.

Kontakten mellom studentar og emneansvarleg pr. e-post har tidsvis vore omfattande.

## **1.7 Tilgang til relevant litteratur**

Pensum var tilgjengeleg ved semesterstart, men ein tekst måtte lastast opp på Mi side grunna dårleg kvalitet på trykket i kompendiet

## **1.8. Faglærarar sine vurderingar og forslag til endringar og forbetringar.**

SOS103 er eit velfungerande kurs for dei aktive studentane. Desse må også i framtida vere dei ein tek som utgangspunkt i utforminga av opplegget.

For å aktivisere studentar på seminara kan det vere aktuelt å innføre ein leserapport: at kvar student skriv eit kort resymé til kvar seminarmøte. Dette vil betre aktivitetsnivået.

Ein bør vurdere å revidere pensum, sjølv om studentane er nøgde med læringsutbyttet. Hovudboka er av variabel kvalitet, og tek etter kvart til å bli 20 år gammal. Kapitla om globalisering er td. ikkje dei best eigna.

Arbeidsheftet bør også oppdaterast med eit eige punkt om fusk og plagiering.

Endeleg bør eksamensforma vurderast på nytt. Ei ordning med ein kombinert eksamen – ein skule- og ein heimeeksamen – vil med stor visse føre til meir, og jamnare arbeid frå studentane si side. Med heimeeksamen som einaste eksamen vil ein uvilkårleg få studentar som kun les det som er relevant for å svare på den eine av dei to oppgåvene dei kan velgje mellom.